

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 17.06.2004 **Tid:** 08.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 21, inkl. 1 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:
Sigmund Dyrhovden

I staden møtte:
Ruben Dyrhovden

Andre som var tilstade på møtet:

Merknader: Thomas Moss fekk permisjon og gjekk frå under handsaminga av sak 16/04 pga alvorleg sjukdom i familien.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 21. juni 2004

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Ordførar ba om å få trekkja sak 19. Med denne endringa vart innkalling og saklista samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes vedteke.

UTVALET SITT KVARTER:

Magda Haugen viste til den praksisen som har vore i kommunen at arkivet til overformynderiet har vore oppbevart heime hjå medlemmane i overformynderiet. Ho meinte dette ikkje var ein god praksis. Ho ba om at det vert førebudd sak der det vart føreslått betre løysingar.

Ordføraren informerte om at ho delte bekymringane til Haugen over tidlegare praksis, men at dette no var handtert ved at arkivet no var plassert på kommehuset.

Sture Tveit viste til tilgrising av buss-skur. Det står m.a. å lesa bannord og liknande.

Spørsmålet til kommunen v. Ordførar var kven som har ansvar, og kva som kan gjerast.

Ordføraren var orientert om spørsmålet av Tveit på førehand. Ho har vore i kontakt med vegkontoret som er ansvarleg, og dei stadfesta at det var lenge sidan dei hadde teke opprydding/ettersyn av buss-skura i Samnanger. Dette vert venteleg gjort med det første.

Ordføraren ønskte og å ta kontakt med skulen, primært Gjerde skule med førespurnad om dei kunne tenke seg å friska opp skura i etterkant av at tilgrisinga av buss-skura i deira nærområda var rydda opp i.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Ordførar orienterte om arbeidet med framtidig kommunestruktur, m.a. om eit felles møte mellom Fusa, Os og Samnanger. Eit tilsvarande møte med Kvam herad vil koma etter sommarferien. Kommunestyret vil debattera saka i løpet av hausten.

Det var ikkje spørsmål til kontrollutvalet sin møteprotokoll som var utsendt.

Sture Tveit har levert inn fylgjande spørsmål:

Til møtet i naturutvalet 02.06.04 låg det føre ei sak som dreidde seg om å få byggjeløyve for tilbygg til ei hytte ved Fitjavatnet. I saksutgreiinga kan ein lesa følgjande:

Sitat: ”Det er ikkje vedteke verneføresegner for nedslagsfeltet til Fitjavatnet, som er drikkevasskjelde for Samnanger kommune sitt vassverk Tysse – Ådland.

I 1977 sendte Statens Institutt for Folkehelse SIFF forslag til servituttar for nedslagsfeltet.

Desse er ikkje slutthandsama i kommunen.

I kommuneplanen er området avmerkja som nedslagsfelt for drikkevasskjelde, det er ikkje vedteke føresegner.” Sitat slutt.

Ut frå dette er mine spørsmål til ordføraren:

1. Kva konsekvensar kan det ha at ikkje servituttar for nedslagsfelt er vedtekne i kommunen?
2. Kva vil ordføraren gjera for å syta for at kommunen får gjeldande servituttar for nedslagsfeltet til si drikkevasskjelde?

Ordføreren ga fylgjande svar:

Representanten Sture Tveit har stilt spørsmål om status for vern av nedslagsfeltet til hovudvassverket i området ved Fitjavatnet. I den samanheng viser han til at naturutvalet i sist møte handsama søknad om tilbygg til hytte som dispensasjon frå kommuneplanen sjølv om hytta låg i nedslagsfeltet til vassverket.

Hovudkonklusjonen i denne saka er at det ligg **ikkje** føre stadfesta vernereglar for nedslagsfeltet. Arbeidet med utarbeiding av slike er starta opp. Det er gjort ei avklaring om kva måte saka skal fremjast, dvs. ei avklaring av kva lovverk som skal nyttast. Dette arbeidet er gjort av tidlegare leiar av teknisk eining, Øyvind Haga i samråd med adv. Pål Heldal. Spørsmålet har vore om saka kunne handterast etter forureiningslova eller om det måtte skje etter plan- og bygningslova som ville innebera utarbeiding av reguleringsplan. Me arbeider no med at utarbeiding av vernereglar skal skje ut frå lovverket om forureining. Arbeidet som først skal gjerast er å få kunngjort/informert om oppstart av arbeidet til aktuelle grunneigarar og deretter å få utarbeidd eit utkast til vernereglar med påfylgjande tingingar med grunneigarar.

På 1970-talet og framover på byrjinga av 1980-talet vart det arbeidd mykje med vernereglar for området rundt Fitjavatnet. Alt då kom forsyninga til det kommunale vassverket frå Fitjavatnet, men uttaket var i Aldselva. Kommunestyret godkjende i 1983 vernevedtekter for vasskjelda. Desse vedtektene er aldri godkjend på sentralt hald, og dermed kan dei ikkje nyttast i samband med søknad om aktivitet i området.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0012/04	04/00202 KOMMUNEREKNESKAPEN 2003
0013/04	04/00042 ÅRSMELDING 2003
0014/04	04/00033 TILLEGGS LØYVINGAR 2004.
0015/04	04/00248 REHABILITERING AV HAGAMULEN - FINANSIERING
0016/04	02/00400 SYMJEHALL (BASSENG) - VAL AV FRAMTIDIG LØYSING
0017/04	02/00494 VAL AV FRAMTIDIG SKULE OG BARNEHAGESTRUKTUR
0018/04	00/00247 STOLPANE SKULEHUS.
0019/04	00/00533 REGULERINGSPLAN FOR BJØRKHEIM.
0020/04	02/00517 REGULERINGSPLAN FOR TYSSE 2. GONGS HØYRING
0021/04	04/00144 SØKNAD OM LØYVE TIL SAL AV ØL
0022/04	03/00505 BJØRNEFJORDEN NÆRINGSUTVIKLING. OMDANNING TIL IKS - GODKJENNING AV SELSKAPSAVTALE
0023/04	04/00267 SKOGSVEG FITJAVATNET GODKJENNING AV AVTALE
0024/04	03/00415 VAL AV NEMNDER, RÅD OG UTVAL 2004-2007. OVERFORMYNDERI OG FORLIKSRÅD

0012/04

KOMMUNEREKNESKAPEN 2003

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune sin årsrekneskap 2003 vert desidert i samsvar med revisor si melding og tilråding og godkjenning dagsett 3. mai 2004

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune sin årsrekneskap 2003 vert desidert i samsvara med revisor si melding og tilråding og godkjenning dagsett 3. mai 2004.

0013/04

ÅRSMELDING 2003

Framlegg til vedtak::

Kommunestyret tek Årsmeldinga for 2003 til orientering.

Handsaming i møte:

Kommunestyret vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Kommunestyret tek Årsmeldinga for 2003 til orientering.

0014/04

TILLEGGSØYVINGAR 2004.**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune vedtek framlegg til tilleggsøyvingar med budsjettjustering som følgjer:

konto nr.	utgift opp	utgift ned	inntekt opp	inntekt ned	justert budsjett
1.2020.2022.1500	4500				4500
1.2010.2021.0100	110000				4802000
1.2010.2021.0900	50000				505000
1.2010.2021.0990	70000				696000
1.2010.2021.	100000				
1.3002.2410.0101	100000				1315000
1.9000.8400.8101				67000	173000
1.9000.8000.8740				430000	3734000
1.3200.2440.2700	100000				124000
1.1001.1003.3500		30000			220000
1.1502.3830.7000			34000		34000
1.1200.1205.2402	50000				62000
1.xxxx.xxxx.0900	719000				6121000
1.1200.1700.0990	10000				10000
1.1200.1800.4900		167000			171950
1.1200.1800.4901		500000			1800000
1.9002.8800.9300			372500		1672500
1.9002.8800.9500			757000		757100
1.1300.3900.4702	50000				1593000
Sum	1363500	697000	1163500	497000	0

Linje 1 = AMU Nordbygda

Handsaming i møte:

I møte vart det etterlyst tekstkolonna, noko som vil verta innarbeidd i seinare saker. Kommunestyret vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune vedtek framlegg til tilleggsløyvingar med budsjettjustering som følgjer:

konto nr.	utgift opp	utgift ned	inntekt opp	inntekt ned	justert budsjett
1.2020.2022.1500	4500				4500
1.2010.2021.0100	110000				4802000
1.2010.2021.0900	50000				505000
1.2010.2021.0990	70000				696000
1.2010.2021.	100000				
1.3002.2410.0101	100000				1315000
1.9000.8400.8101				67000	173000
1.9000.8000.8740				430000	3734000
1.3200.2440.2700	100000				124000
1.1001.1003.3500		30000			220000
1.1502.3830.7000			34000		34000
1.1200.1205.2402	50000				62000
1.xxxx.xxxx.0900	719000				6121000
1.1200.1700.0990	10000				10000
1.1200.1800.4900		167000			171950
1.1200.1800.4901		500000			1800000
1.9002.8800.9300			372500		1672500
1.9002.8800.9500			757000		757100
1.1300.3900.4702	50000				1593000
Sum	1363500	697000	1163500	497000	0

Linje 1 = AMU Nordbygda

0015/04

REHABILITERING AV HAGAMULEN - FINANSIERING**Framlegg til vedtak::**

Saka går utan tilråding frå Personal og økonomiutvalet til kommunestyret

Handsaming i møte:

Marit Aase sette fram slikt framlegg:

Samnanger kommune sitt bustadhus i Hagamulen vert rehabilitert etter dei anbefalingar og kostnadsoppsetta som kjem fram i saka. (Samla inntil kr 600.000). Utgiftene vert finansiert ved eksternt låneopptak.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune sitt bustadhus i Hagamulen vert rehabilitert etter dei anbefalingar og kostnadsoppsetta som kjem fram i saka. (Samla inntil kr 600.000). Utgiftene vert finansiert ved eksternt låneopptak.

0016/04

SYMJEHALL (BASSENG) - VAL AV FRAMTIDIG LØYSING**Handsaming i møte:**

Sak 16 og sak 17 vart handsama samla, medan avrøystinga over framlegga vart gjennomført kvar for seg.

Thomas Moss gjekk i frå under handsamainga av saka grunna sjukdom i familien.

Det vart gjennomført gruppemøte.

Magda Haugen sette fram slikt framlegg:

”Samnanger kommune arbeider vidare med planar om nytt basseng på Gjerde skule. Ein viser til alternativ A/B/C – svømmehall i Fortunen arkitektar sitt ideprosjekt.

Utbygginga vert å finansiera med ”rentefritt skulelån”, tippemidlar og tilskot frå revmatikarfond.

Saka med kostnadsoverslag og utbyggingsplanar vert lagt fram for kommunestyret som tek endeleg avgjerd i saka.”

Arbeidarpartiet v/B.O.Gåsdal sette fram slikt framlegg:

”Symjebassenget ved ungdomsskulen skal rehabiliterast og gjenopnast jfr. tilstandsrapport og kostnadsoverslag som ligg ved saksdokumenta. Arbeidet må startast straks med prosjektering, anbodsinnhenting og finansiering.

Tiltaket må vera fullført tilskulestart hausten 2005.”

Det vart røysta alternativt over framlegga. Haugen sitt framlegg fekk 3 røyster og 17 røysta for Arbeidarpartiet sitt framlegg, som vart vedteke.

Vedtak:

Symjebassenget ved ungdomsskulen skal rehabiliterast og gjenopnast jfr. tilstandsrapport og kostnadsoverslag som ligg ved saksdokumenta. Arbeidet må startast straks med prosjektering, anbodsinnhenting og finansiering.

Tiltaket må vera fullført tilskulestart hausten 2005.

0017/04

VAL AV FRAMTIDIG SKULE OG BARNEHAGESTRUKTUR

Handsaming i møte:

Marit Aase sette fram følgjande framlegg:”

Val av skule- og barnehagestruktur

1. Samnanger opprettheld skulane Nordbygda og Gjerde som barneskular og ungdomsskulen på Tysse.
2. Kringsgrensene vert oppheva
3. Det vert bygd ny 2-avd.`s barnehage ved Gjerde skule med utgangspunkt i framlagt skisse.
4. Økonomiske rammer og innsparingstiltak vert drøfta i eit felles arbeidsmøte med OO- og PØ-medl. tidleg på hausten. Rektorane vert kalla inn til dette møtet ilag med repr. frå administrasjonen.
Parallelt med budsjettprosessen vidare utover hausten vert andre berørte partar høyrde etter oppsett i økonomireglementet.”

Arbeidarpartient v/B.O.Gåsdal sette fram følgjande framlegg til nytt punkt 3:”

Kommuneadministrasjonen skal greia ut vidare kring eigarformer og driftsformer for ny barnehage ved Gjerde skule (kommunal kontra privat).”

Øyvind Røen bad om at det vart røysta punktvis.

Det vart røysta punktvis over framlegga:

Aase sitt framlegg punkt 1 vart samrøystes vedteke. Punkt 2 vart samrøystes vedteke.

På pkt. 3 vart det røysta alternativt over framlegget til Aase og Gåsdal. Aase sitt framlegg fekk 4 røyster og Gåsdal sitt framlegg fekk 16 røyster og vart vedteke.

Til slutt vart det røysta over Aase sitt framlegg til punkt 4, som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Val av skule- og barnehagestruktur

1. Samnanger opprettheld skulane Nordbygda og Gjerde som barneskular og ungdomsskulen på Tysse.
2. Kringsgrensene vert oppheva
3. Kommuneadministrasjonen skal greia ut vidare kring eigarformer og driftsformer for ny barnehage ved Gjerde skule (kommunal kontra privat).
4. Økonomiske rammer og innsparingstiltak vert drøfta i eit felles arbeidsmøte med OO- og PØ-medl. tidleg på hausten. Rektorane vert kalla inn til dette møtet ilag med repr. frå administrasjonen.
Parallelt med budsjettprosessen vidare utover hausten vert andre berørte partar høyrde etter oppsett i økonomireglementet.”

0018/04

STOLPANE SKULEHUS.**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune forskotterar inntil kr. 100.000 for å få flytta Stolpane skulehus i tillegg til tidlegare midlar.

Forskotteringa skal skje via kulturkap.; tilskot til utbetring av samfunnshus med kr. 25.000,- over 4 år.

Oppnemnde ad-hoc utval i kommunestyret nedsett til arbeidet med Stolpane skulehus, tek ansvar for organisering og dugnadsarbeidet som er tenkt inn i saka.

Ad-hocutvalet og administrasjonen arbeider vidare for å skaffe pengegâver til prosjektet.

Handsaming i møte:

Sture Tveit sette fram følgjande utsettingsframlegg:” Saka vert utsett til møte i september.

Ad-hocutvalet og administrasjonen arbeidar vidare for å skaffe penger til prosjektet.”

Det vart halde gruppemøte.

Det vart først prøverøysta over utsettingsframlegget, som fekk 5 røyster. Det vart endeleg røysta av utsettingsframlegget, som fekk 3 røyster og ikkje vedteke.

Saka vart handsama vidare.

Det vart røysta over tilrådinga frå PØ-utvalet, som vart vedteke med 14 mot 6 røyster.

Vedtak:

Samnanger kommune forskotterar inntil kr. 100.000 for å få flytta Stolpane skulehus i tillegg til tidlegare midlar.

Forskotteringa skal skje via kulturkap.; tilskot til utbetring av samfunnshus med kr. 25.000,- over 4 år.

Oppnemnde ad-hoc utval i kommunestyret nedsett til arbeidet med Stolpane skulehus, tek ansvar for organisering og dugnadsarbeidet som er tenkt inn i saka.

Ad-hocutvalet og administrasjonen arbeider vidare for å skaffe pengegâver til prosjektet.

0019/04

REGULERINGSPLAN FOR BJØRKHEIM.**Framlegg til vedtak::**

Reguleringsplan for Bjørkheim alternativ 2 vert gjort gjeldande med fylgjande endringar:

Det vert opna opp for bustadbygging i 2. etg. i næringslokala i F1.

Snuhammaren mellom G1 og F2 vert endra slik at han går inn i FO1. I tilknytning til denne skal det setjast av eit mindre areal til parkering.

Byggegrensa på 12 meter mot offentleg køyreveg på F1 og F2 bør kunne innsnevrast, noko som inneber ein auke i BYA.

Offentleg køyreveg bør justerast slik at garasje kan verta ståande. Dette må skje utan at areal til vegserviceanlegg vert redusert.

Det må leggjast til rette for at det vert mogleg for store bilar å koma inn til/snu ved området av F1 som i dag vert nytta av posten.

Handsaming i møte:

Saka vart trekt frå saklista.

Vedtak:

Saka vart trekt frå saklista.

0020/04

REGULERINGSPLAN FOR TYSSE**2. GONGS HØYRING****Framlegg til vedtak::**

Framlegg til reguleringsplan dagsett 15.11.2002 og revidert 02.04.2004 vert vedteken med desse endringane:

Naustområdet N1 skal omfatta dei nausta som er bygd i dag, dvs. at det ikkje vert opna opp for eit nytt naust. Dette området går inn i friområdet Fr4,

Det må merkjast tilkomst til Fr 4 frå riksveg over B1.

Friområdet Fr3 vert utvida slik at det skal omfatta den del av B4 som ligg på austsida av stikkveg og som er del av byggjeområde B4.

Heile garasjetomta bnr. 99/100 må merkjast som byggjeområde og ikkje friområde.

Tilkomst til anlegg i sjø skal plasserast mellom "Langebua" og "Vetlebua".

Område avmerka til off. kai vert avgrensa til området framføre off. parkeringsplass. Det øvrige arealet som var disponert til dette i planframlegget, vert omdisponert til privat kai. Det vert stilt krav om einsarta utforming av kaikanten.

Eit areal som vil gi plass til inntil 3 bilar ved sidan av S12 vert omdisponert til parkeringsplassar.

Miljøgata vert noko redusert i breidda frå eigedommen til Riise og til enden av gata i nordaust.

Det vert vidare lagt inn føresetnad om at miljøgata framom eigedomane til Edith Kvernes og Sverre Riise vert definert som hage slik bruken er i dag.

Handsaming i møte:

Nils Gåsdal og Ivar Berland ba om å få vurdert om dei var ugilde ved handsaming av saka.

Ivar Berland sin eigedom er direkte berørt, og kommunestyret fann han ugild. Kommunestyret fann ikkje at Nils Gåsdal var ugild, og han tok del i den vidare handsaminga.

Arbeidarpartiet v/B.O.Gåsdal sette fram følgjande tillegg til tilrådinga frå Naturutvalet:

"Kommunestyret sluttar seg i hovudsak til det framlegde utkast til reguleringsplan for Ytre Tysse. Planen skal likevel handsamast på nytt i Naturutvalet der dei særleg skal vurdere status for omr. Fr4, F/N/B1, N1 og N2. Dei aktuelle interessentane må få høve til å uttala seg."

Det vart røysta over framlegg til vedtak frå Naturutvalet og Gåsdal sitt framlegg.

Naturutvalet si tilråding og tilleggsframlegget frå Gåsdal vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Framlegg til reguleringsplan dagsett 15.11.2002 og revidert 02.04.2004 vert vedteken med desse endringane:

Naustområdet N1 skal omfatta dei nausta som er bygd i dag, dvs. at det ikkje vert opna opp for eit nytt naust. Dette området går inn i friområdet Fr4,

Det må merkjast tilkomst til Fr 4 frå riksveg over B1.

Friområdet Fr3 vert utvida slik at det skal omfatta den del av B4 som ligg på austsida av stikkveg og som er del av byggjeområde B4.

Heile garasjetomta bnr. 99/100 må merkjast som byggjeområde og ikkje friområde.

Tilkomst til anlegg i sjø skal plasserast mellom "Langebua" og "Vetlebua".

Område avmerka til off. kai vert avgrensa til området framføre off. parkeringsplass. Det øvrige arealet som var disponert til dette i planframlegget, vert omdisponert til privat kai. Det vert stilt krav om einsarta utforming av kaikanten.

Eit areal som vil gi plass til inntil 3 bilar ved sidan av S12 vert omdisponert til parkeringsplassar.

Miljøgata vert noko redusert i breidda frå eigedommen til Riise og til enden av gata i nordaust.

Det vert vidare lagt inn føresetnad om at miljøgata framom eigedomane til Edith Kvernes og Sverre Riise vert definert som hage slik bruken er i dag.

Kommunestyret sluttar seg i hovudsak til det framlegde utkast til reguleringsplan for Ytre Tysse. Planen skal likevel handsamast på nytt i Naturutvalet der dei særleg skal vurdera status for omr. Fr4, F/N/B1, N1 og N2. Dei aktuelle interessentane må få høve til å uttala seg.

0021/04

SØKNAD OM LØYVE TIL SAL AV ØL

Framlegg til vedtak:

R.Brigtsen AS, K.Knutsen AS og Gjerde Kolonial får fornya salsløyve for alkoholhaldege drikkar med volumprosent mindre enn 4,76% alkoholinnhald.

Salstida er frå kl. 08.00 – 20.00, måndag til fredag, og kl. 08.00 – 18.00 på laurdag. Løyva vert gjeve under føresetnad av at alle vilkår for løyve vert stetta.

Handsaming i møte:

Ruben Dyrhovden (Krf) sette fram følgjande framlegg: " R.Brigtsen AS, K.KnutsenAS og Gjerde Kolonial får ikkje fornya salsløyve for alkoholhaldige drikkar med volumprosent mellom 2,5 og 4,76% alkoholinnhald."

Det vart røysta alternativt over tilrådinga til oppvekst og omsorg og framlegget frå R.Dyrhovden. Tilrådinga frå OO fekk 15 røyster og R.Dyrhovden sitt fekk fekk 5 røyster

Vedtak:

R.Brigtsen AS, K.Knutsen AS og Gjerde kolonial får fornya salsløyve for alkoholhaldige drikkar med volumprosent mindre enn 4,76% alkoholinnhald.

Salstida er frå kl. 08.00-20.00, måndag til fredag, og kl.08.00-18.00 på laurdag. Løyvet vert gjeve under føresetnad av at alle vilkår for løyve vert stetta.

0022/04

**BJØRNEFJORDEN NÆRINGSUTVIKLING.
OMDANNING TIL IKS - GODKJENNING AV SELSKAPSAVTALE**

Framlegg til vedtak::

Framlegg til selskapsavtale for Bjørnefjorden Næringsutvikling IKS vert godkjend slik han ligg føre.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Framlegg til selskapsavtale for Bjørnefjorden Næringsutvikling IKS vert godkjend slik han ligg føre.

0023/04

**SKOGSVEG FITJAVATNET
GODKJENNING AV AVTALE**

Framlegg til vedtak::

Framlegg til avtale om skogsveg til Fitjavatnet vert godkjend med fylgjande presiseringar:

Pkt. 2 Dersom kommunen sin utvida bruk av vegen vert omfattande, skal dette avtalast på førehand med grunneigarlaget.

Pkt. 4. Kommunen sin del av utgiftene vert rekna ut frå skyldøre. Dette har ikkje påverknad på korleis utgiftene vert fordelt mellom grunneigarane.

Handsaming i møte:

Med bakgrunn i at det er det offentlege som har teke kostnaden med bygging av vegen, var kommunestyret oppteken av at andre grunneigarar og evt. andre med vesentlege rettar i området som er berørt av kommunen si vassverksutbygging kan få tilgang til skogsvegen på same måten som dei som er grunneigarar til vegen. Dette bør presisert på same måten som grunneigarlaget sine presiseringar.

Det var vidare semje om at avtaleteksten må endrast i pkt. 4 slik at det er presisert at vegen ikkje er open for motorisert ferdsel.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med den ovanståande endringa av avtaleteksten og med den nemnde presiseringa.

Vedtak:

Framlegg til avtale om skogsveg til Fitjavatnet vert godkjend med fylgjande endring i pkt. 4: Skogsvegen vert ikkje open for allmen motorisert ferdsle. og med fylgjande presiseringar:

Pkt. 2 Dersom kommunen sin utvida bruk av vegen vert omfattande, skal dette avtalast på førehand med grunneigarlaget.

Pkt. 4. Kommunen sin del av utgiftene vert rekna ut frå skyldøre. Dette har ikkje påverknad på korleis utgiftene vert fordelt mellom grunneigarane.

Det vert opna for at grunneigarar og andre med rettar i nedslagsfeltet til Fitjavatnet kan få høve til å nytta vegen på lik linje med grunneigarane til vegen.

0024/04

**VAL AV NEMNDER, RÅD OG UTVAL 2004-2007.
OVERFORMYNDERI OG FORLIKSRÅD**

Handsaming i møte:

Fellesframlegg frå kommunestyret:” Kristian Jørgensen vert leiar i forliksrådet 2004-07.

Eva Hellevang vert leiar i overformynderiet 2004-07.

Heidi Fossdal vert nestleiar i forliksrådet 2004-07.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kristian Jørgensen vert leiar i forliksrådet 2004-07.

Eva Hellevang vert leiar i overformynderiet 2004-07.

Heidi Fossdal vert nestleiar i forliksrådet 2004-07.